

Alver kommune
Postboks 4
5906 FREKHAUG

Att.Svein Arne Vågane

Dato	13.09.2023
Vår referanse	2023/74983-2
Dykkar referanse	23/6561-23/68741
Sakshandsamar	Sigrun Wølstad
E-post	Sigrun.Wolstad@vlfk.no
Telefon	96944535

Kulturminnefagleg uttale - Søknad om bygging av landbruksveg på gnr. 437/ Dalland og 433/4 Helland i Alver kommune

Viser til dykker brev datert 04.09.2023 knytt til søknad om bygging av landbruksveg i ovanfor nemnde sak.

Saka er vurdert av regional kulturminnemynde, Seksjon for kulturarv i Vestland fylkeskommune. Tiltaket sin verknad på kulturminne og kulturmiljø må avklarast og vurderast med tanke på verneverdi. I tillegg til forminne og bygningar/bygningsmiljø, gjeld dette også steingardar, gamle ferdsselsårer, utmarksminne, tekniske kulturminne og kulturlandskap. Påviste kulturminne må takast omsyn til i planlegging og gjennomføring av tiltaket, og det kan ikkje vere i konflikt med automatisk freda kulturminne, eller andre nasjonalt og regionalt viktige kulturminne.

Ut frå våre arkiv er det ikkje kjent automatisk freda kulturminne eller andre verneverdige kulturminne som kan bli råka av vegbygginga. Areala omfatta av traséen blir vidare vurdert til ikkje å ha høgt potensiale for funn av uregistrerte kulturminne i marka. Vi har difor ingen avgjerande merknader i saka, ut over at ein ved gjennomføring av tiltaket søker å unngå inngrep i/skade på eventuelle kulturlandskapstrekk som steingardar, eldre vegar/stiar, bakkemurar, ruinlar/tuftar m.m.

Elles gjer vi merksam på meldeplikta etter kulturminnelova § 8, 2. ledd. Dersom automatisk freda kulturminne (til dømes gjenstandsfunn, bitar av flint/grønstein/rhyolitt, flekkar med trekol, bergkunst eller konstruksjonar) blir avdekt under gjennomføring av tiltaket, må dette straks meldast til Seksjon for kulturarv i Vestland fylkeskommune, og alt arbeid stansast til rette forvaltingstyresmakt har vurdert funnet. Slik granskning vil bli utført mindre enn tre dagar etter at vi har fått melding om mogelege funn.

Med helsing

Karoline Hareide Breivik
leiar
KFO - Arealplan

Sigrun Wølstad
seniorrådgjevar
KFO - Arealplan

Brevet er elektronisk godkjent og har difor ingen handskriven underskrift

